

HARAM KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING
24.04.2012

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I HARAM KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

onsdag 25.04.2012 kl. 15.00
på Haram rådhus

SAKLISTE:

- Sak 10/12 - Godkjenning av møtebok frå møte 22.02.2012
- ” 11/12 - Årsmelding 2011 - Haram kommune
- ” 12/12 - Kommunerekneskapen 2011 - Haram kommune
- ” 13/12 - Rekneskap 2011 – Ingebrikt Davik - huset KF

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no

Eivind Davik
leiar
(sign.)

KONTROLLUTVALET I HARAM KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 22.02. 2012, kl. 13.00

Møtestad: Haram rådhus

Møtet vart leia av Eivind Davik

Elles til stades: Sigrid Eidsvik og Torleiv Rogne

= 3 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møte:

Dagleg leiar: Kjetil Bjørnsen

Frå Haram kommune møte:

Rådmann Turid Hanken og leiar for stab/støtte Per Langnes i sak 06/12

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 01/12

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 17. NOVEMBER 2011

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 17. november 2011 blir godkjent.

SAK 02/12

BREV TIL HARAM KOMMUNE – ORIENTERINGSSAK

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 13.02.2012.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 03/12

OPPGÅVER FOR KONTROLLUTVALET, OVERSIKT OVER SAKSTYPAR OG ÅRSJUL

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 13.02.2012.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Det blir lagt opp til drøfting av plan for forvaltningsrevisjon i neste møte.
2. Det blir lagt fram ei orientering om selskapskontroll i neste møte
3. Leiinga i Haram Industrier AS blir invitert til møtet for samtale. Dette vil gå inn i førebuinga av plan for selskapskontroll.

SAK 04/12**PROSJEKTSKISSE FOR IKT – OMRÅDET I HARAM KOMMUNE**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 13.02.2012.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det blir utført ein forvaltningsrevisjon av IKT-området i Haram kommune i samsvar med vedlagte prosjektskisse. Denne revisjonen blir integrert i plan for forvaltningsrevisjon for inneverande valperiode.

SAK 05/12**OM BYGGEREKNESKAP I ØKONOMIREGLEMENTET**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 13.02.2012.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet meiner at det interne regelverket gjeldande byggerekneskap i Haram kommune skal følgjast.
2. Rådmannen blir invitert til eit møte for å orientere om gjeldande praksis når det gjeld handtering av byggerekneskap.

SAK 06/12**BREV FRÅ VELFORENINGA PÅ STORE KALVØY**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 13.02.2012.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir utsett i påvente av utgreiing frå kommuneadvokaten.

SAK 07/12**OPPFØLGING AV KOMMUNESTYREVEDTAK**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 13.02.2012.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ønskjer ein oversikt over kva som har skjedd med oppfølginga av følgjande kommunestyresaker: 024/11, 037/11 38/11 og 42/11.

SAK 08/12

**VEDKOMANDE TALET PÅ IKKJE UMLEIGDE KOMMUNALE HUSVERE I HARAM
KOMMUNE** (saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Rådmannen blir bedt om å orientere i eit seinare møte.

SAK 09/12

**OPPFØLGING AV GARANTJAR OG REKLAMASJONAR VED NYBYGG.
KOMMUNE** (saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Rådmannen blir bedt om å orientere i eit seinare møte.

Eivind Davik
leiar
(sign.)

Sigrid Eidsvik
medlem
(sign.)

Torleiv Rogne
medlem
(sign.)

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 24.04.2012

SAK 11/12
ÅRSMELDING 2011 – HARAM KOMMUNE

Som vedlegg følger:

- Årsmelding 2011 – Haram kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2011 for Haram kommune til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 24.04.2012

SAK 12/12
KOMMUNEREKNESKAPEN 2010 – HARAM KOMMUNE

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2011 - Haram kommune
2. Haram kommune - kommunerekneskapen 2011

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for handlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor og administrasjonen supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale:

Haram kommune sin rekneskap for 2011 blir godkjent

Harald Rogne
dagleg leiar

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Vår sakshandsamar:
Solrun A. Tusvik

Vår dato:
19.04.2012
Dykkar dato:

Vår referanse:

Dykkar referanse:

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen

Til
Kommunestyret i
Haram kommune

KOMMUNEREKNESKAPEN 2011 – HARAM KOMMUNE – MELDING FRÅ REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Haram kommune som viser kr 355 343 884,-, til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 33 488 885,-. Årsrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2011, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon medfører utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår meining er årsrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Haram kommune per 31. desember 2011, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Uttale om andre forhold*Konklusjon om budsjett*


Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen, er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.



Kjetil Bjørnsen
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALUESEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 24.04.2012

**SAK 13/12
REKNESKAP 2011 – INGEBRIKT DAVIK – HUSET KF**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til rekneskapen for 2011 – Ingebrikt Davik-huset KF
2. Rekneskap 2011 – Ingebrikt Davik-huset KF

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor og administrasjonen supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale :

Ingebrikt Davik-huset KF sin rekneskap for 2011 blir godkjent.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Vår sakshandsamar:
Solrun A. Tusvik

Vår dato:
20.04.2012
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Kopi: Kontrollutvalet
Ingebrigt Davik huset KF

Til
Kommunestyret i
Haram kommune

SÆRREKNESKAPEN 2011 – INGEBRIGT DAVIK HUSET KF – MELDING FRÅ REVISOR

Uttale om særrekneskapen

Vi har revidert særrekneskapen for Ingebrigt Davik huset KF som viser eit netto driftsresultat på kr 153 219,33 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 222 910,80. Særrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2011, driftsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for særrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide særrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein særrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne særrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå rimeleg tryggleik for at særrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon medfører utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i særrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for at særrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for føretaket si utarbeiding av eit særrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av føretaket sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av særrekneskapen.

Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår meining er særrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Ingebrigt Davik huset KF per 31. desember 2011, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Uttale om andre forhold*Konklusjon om budsjett*

Basert på vår revisjon av særrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for særrekneskapen, er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i særrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av særrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om særrekneskapen er konsistente med særrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av særrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av føretaket sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.



Kjell Bjørnsen
dagleg leiar

ÅRSMELDING 2011

INGEBRIGT DAVIK-HUSET KF




INNLEIING

Verksemda

Ingebrigt Davik-huset KF er kulturhuset i Haram kommune. Kulturhuset er organisert som eit kommunalt føretak eigd av Haram kommune. Ingebrigt Davik-huset ligg i Brattvåg og er ein integrert del av Haramssenteret. Føretaket har blitt ein samlande kulturinstitusjon for heile Haram kommune.

Drifta av kulturhuset er delt inn i tre områder: konsert/scene, kino og ungdomsarena. Tilbodet vårt inneheld både nasjonale og lokale innslag av ulikt profesjonalitetsnivå, og er meint for alle aldersgrupper.

Ingebrigt Davik-huset åpna i mars 2006. Same år blei Haram kommune kåra til Årets kulturkommune i Møre og Romsdal på grunn av den store kultursatsinga i kommunen. Kulturhuset blei sterkt framheva i argumentasjonen for kåringa. I 2008 vart huset kåra til det beste kulturhuset i regionen av Sunnmørsposten.



Stian Skaaden 13. oktober.
Foto: Martine Flem Davik

Organisasjon og administrasjon

Ingebrigt Davik-huset hadde første halvår 2011 3,5 årsverk: dagleg leiar i 100 %, aktivitetssleiar UFO i 100 %, kino/teknisk ansvarleg i 100 % og ein produksjonsassistent i 50 % (engasjement). Siste halvår gjekk engasjementet for produksjonsassistenten ut og det var totalt 3 årsverk igjen. Den frivillige innsatsen er ikkje tatt med her, men det må understrekast at aktivitetsnivået ville sett annleis ut om det ikkje hadde vore mange som stilte opp frivillig ved behov.

Styret

Styret for Ingebrigt Davik-huset KF besto i 2011 av

Randi Frisvoll	Styreleiar (politisk)	Vara: Tørje Fagerli
Arild Eiken	Nestleiar (kultur)	Vara: Helen Austbø Seth
Trude Finnanger	Styremedlem (frivillige)	Vara: Emil Korsnes
Kjell Norvoll	Styremedlem (næringsliv)	Vara: May Britt Lødøen
May Iren Skarbø	Styremedlem (kultur)	Vara: Reidun Longva
Bente Bruun	Styremedlem (politisk)	Vara: Martinus Løken

Styret hadde i 2011 8 ordinære møter og 41 saker til behandling. I tillegg møttes styret med jamne mellomrom heile hausten for å planlegge festframsyning 11. november.

Økonomi

Føretaket hadde i 2011 eit budsjett på kr 3 904 000. Inntektene kjem frå overføringar frå kommunen, billettsal, utleige, sponsorar, kiosksal, sal av reklame, samt noko frå ulike støtteordningar (etter søknad). Under er ei samla oversikt over dei viktigaste inntektene for føretaket (kulturhus, kino og ungdomsarena under eitt).

Inntektspostar	Budsjett (revidert)	Rekneskap
Overføring frå kommunen	1 969 000	1 969 000
Billettsal	700 000	723 687
Utleige	400 000	487 282
Sponsorar	410 000	410 000
Kiosksal	120 000	131 858
Sal av reklame	20 000	12 483
Diverse støtteordningar o.l.	40 000	128 629

Rekneskapet for 2011 viser eit samla overskot på kr 222 910. Nytt og betre kinotilbod, godt billettsal til eigne kulturarrangement, låge straumutgifter og større utleigeinntekter enn budsjettert er hovudårsakene til overskotet, samt at sjukemeldingar har ført til noko mindre aktivitet og utlegg i periodar.

I tillegg er drifta effektiv, med få lønnsutgifter til andre enn dei fast tilsette. Her må ein nok ein gong takke både frivillige som stiller opp gong på gong, og fleksible tilsette som trer til der det er behov.

KULTURHUS

- Fem år og fulle hus -

2011 har på mange måtar vore eit jubelår for Ingebrigt Davik-huset. I mars feira vi vårt eige 5-årsjubileum, og i november var vi sterkt involverte i feiringa av Brattvåg sitt 100-årsjubileum med ei eigenprodusert festframsyning. Samtidig har det vore eit år med godt besøk og mange utselte framsyningar.

Program 2011

Dato	Arrangement	Sjanger	Arrangør
29.1	Klypa – Laaangt over streken	Revy	Klypa
5.2	Odd Nordstoga	Konsert	ID-huset
20.2	Pippi Langstrømpe	Teater	Victoria Productions
22.2	Enron	Teater	Teatret Vårt
12-13.3	Operaens perler del II	Konsert	Brattvåg Janitsjar
24-25.3	Prikkesyken	Teater	Barneteatret Vårt
25.3	Trond-Viggo Torgersen	Stand-up	ID-huset
27.3	Talent Haram	Konsert	HFF
08.4	Kråkesølv	Konsert	Den kulturelle skolesekken
13.4	Karuzela	Konsert	ID-huset
28.4	Gjengangere	Teater	Teatret vårt
30.4	Queen!	Konsert	Brattvågkoret m.fl.
13.6	Quist	Konsert	Quist
18.6	Wolverine & Jester	Konsert	ID-huset/UFO
24.9	Tomra Brass m/Frode Alnæs	Konsert	Tomra Brass
27.9	"The Art of Football"	Dans	Den kulturelle skolesekken
30.9	"Det kunne vær verre"	Revy	Haram revylag
7.10	Gine Gaustad Andersen	Konsert	ID-huset
13.10	Bernhoft	Konsert	ID-huset
16.10	Bare Egil Band	Konsert	ID-huset
22.10	S-M-XL	Revy	Havfruene DA
6.11	Oslo Strykekvartert	Konsert	ID-huset
11-12.11	Jubileumsframsyning	Framsyning	ID-huset
18.11	Ten Thing	Konsert	ID-huset
19.11	Lille Lukas hemmelige eventyr	Teater	Barneteatret vårt
26.11	"Det kunne vær verre"	Revy	Haram revylag
28.11	"Joda, det går bra!"	Foredrag	Linda Persen
29.11	Bjørn Eidsvåg	Konsert	Quint AS
2.12	Jul i mummidalen	Teater	Victoria Productions
10.12	Dagfinn Lyngbø m/venner	Stand-up	Stand Up Norge
26.12	Romjulsdans	Dans	BIL
30.12	Hard Rock Cafe	Musikal	Haram ungdomsteater

Oversikta viser at det har vore 32 kulturproduksjonar på Ingebrigt Davik-huset i 2011. 3 revyar, 15 konsertar, 6 teaterframsyningar, 2 stand-up-show, og seks andre arrangement. Føretaket har stått som arrangør på 9 av framsyningane.

Kulturhuset har i år sikta mot ei noko eldre publikumsgruppe enn tidlegare. Vi prøver også å finne gode arrangement for born, men dette er vanskeleg, då tilbodet ikkje er veldig stort. Gjennom Rikskonsertene har vi fått tilgang til svært gode kunstnariske produksjonar utan stor økonomiske risiko. Konsertane med Ten Thing og Oslo strykekvartett er eksempel på dette. Ordninga har i mange år sikra gode konsertar ute i distrikta, men blir dessverre lagt ned frå sommaren 2012. Det gjer det vanskelegare for arrangørar i distrikta å sette opp gode kunstnariske konsertar utan det store kommersielle preget.



Jarle Bernhoft 13. oktober
Foto: Martine Flem Davik

Besøk

Rapport frå billettsystemet DX viser at kulturhuset var godt besøkt i 2011. Det har vore ei markant auke i forhold til 2010, og relativt sett betre besøk enn åra før også. Sjølv om det har vore noko færre arrangement, har kvart arrangement i snitt vore betre besøkt. Frå eit gjennomsnittbesøk på 155 stk pr arrangement i 2010, har det i 2011 vore i snitt 235 publikummarar på kvar framsyning. Dette er meir enn 2/3 av kapasiteten i Storsalen.

	2008	2009	2010	2011
Billetsalg kr ¹	1 380 570	1 270 650	798 480	1 633 270
Billettsalg antall	8008	7078	4198	6940
Antall arrangement ²	48	36	27	32
Snittbesøk	166	196	155	235

Ser ein bort frå ferieveker og lågsesong, er 32 arrangement omtrent eitt i veka. Dette er ei passe mengd, då det er viktig at det ikkje blir slik at ulike arrangement slår kvarandre i hel, men at det blir gitt rom til alle. Det skjer mykje anna også i kommunen og det er trass alt noko avgrensa publikumspotensiale.

Økonomi

Rekneskapen for 2011 viser at kulturhuset gjekk i balanse med kr 748 800 i bruk mot 768 000 i budsjett. Som nevnt over er det godt sal på eigne arrangement og større leigeinntekter enn forventa som utgjer hovudårsakene.

Teknikk og vedlikehald

På grunn av godt billettsal og gode utleieinntekter fekk vi gjort ein del nødvendige investeringar i teknisk lyd- og lysutstyr i 2011. Vi har klart å dekke mykje av det investeringsbehovet som vart lagt fram i mars same år. Men framleis er det to store prosjekt som bør takast dei nærmaste åra. Dei eine er forbetring av akustikken i Storsalen. Målingar gjort av Møre og Romsdal musikkråd i november 2011 viser ei resonanstid på opp til 2,5 sekund. Dei skriv blant anna:

Sammenfattet konklusjon er at storsalen trenger ytterligere utbedring i form av diffusjon, fleksibilitet og demping i bassområdet. Særs når en ønsker å benytte salen uten amfi. Salen har pr.dato ikke fleksibel nok akustikk til å tilfredsstille NMRs anbefalinger og normer i de tre

¹ Samla billettsal for både eigne og andre sine arrangement.

² Antall arrangement med billettsal.

forskjellige grupperingene (lydsvak, lydsterk og forsterket) (frå *Kort rapport fra akustikkanalyse av storsalen i Ingebrigt Davik-huset*)

Den andre store investeringsposten som ventar er nytt lydanlegg i Storsalen. Dagens anlegg er ikkje dimensjonert for Storsalen og i mange tilfeller for lydsvak. Det gjer at det er ein del arrangement som blir vanskelegare å gjennomføre på grunn av store kostnader ved innleie av større lydanlegg. Lydanlegget vart i si tid kjøpt inn brukt til huset, og slitasjen byrjar å gjere seg gjeldande. Lydanlegget bør derfor skiftast ut i løpet av dei nærmaste åra.

Når det gjeld det generelle vedlikehaldet, så byrjar ein også her å merke fem års bruk. Også her er behovet størst i Storsalen. Spesielt merkar ein slitasje i amfiet, som no berre blir kjørt inn og ut når det er absolutt nødvendig. I tillegg er scenegulvet svært slitt etter mange ulike typar arrangement.

Med god hjelp frå hovudsponsor STX OSV har vi no fått reparert billett kiosken som var øydelagt på grunn av hærverk.

Låsesystemet og sikkerheit

Det største problem for føretaket er likevel låsesystemet på huset. Systemet er ustabilt og upåliteleg. Fleire gongar har huset stått ope når det skulle vere låst, og omvendt. Brukarar av huset ser seg nøydte til å bruke provisoriske løysingar, som å legge steinar i dørsprekken for å hindre at hovudinngangen låser seg. Ei svært dårleg løysning, då steinane fort vert gløymde og huset står der plutseleg vid opent.

Når Ingebrigt Davik-huset i tillegg er pålagt å halde ope store delar av døgnet og året for å fungere som gjennomgangspassasje mellom Storgata og Miljøgata, er det ekstra belastande å ikkje ha eit låsesystem som fungerer.

Situasjonen førte mellom anna til innbrot i februar 2011, der verdiar for 60 000 vart stole. Styret ved Ingebrigt Davik-huset meldte frå til kommunen om situasjonen i brevs form i mars 2011, der dei ba kommunen, som er byggherre og eigar av kulturhuset, om å bytte ut heile låsesystemet med eit nytt som er meir brukarvenleg, funksjonelt – og til å stole på. Noko svar er enno ikkje motteke, og situasjonen er uendra. Meir om dette under kapitlet om UFO.

HARAM KINO

– Ein ny kvardag –

Som det første landet i verda er Kino-Noreg no fulldigitalisert. Det betyr at det er slutt på den gamle teknologien med 35mm film, og at all kinofilm visast på digitale projektorar. I praksis betyr dette mindre logistikk og kinoteknisk arbeid. Det er no i langt større grad berre å "skru på ein knapp" for å vise film.

Ein annan fordel er at tilgangen på film noe er mykje betre, då det er enklare å produsere harddiskar enn digre filmrullar. Kinofilm er ei ferskvare, og det er ein heilt annan marknad enn før. Frå å vere i ein situasjon der dei små kinoane måtte stille seg sist i køa for å få tilgang på film, er det no filmselskapa sjølv som har kome på banen og vil selje inn sine filmar til kinoane.

Vi har fått mange gode tilbakemeldingar etter omlegginga til digital kino. Ei spørjeundersøking som vart sendt ut syner at publikum i stor grad er nøgde med tilbodet på Haram kino. Her er nokre av kommentarane som kom inn:

- "synst det er bra at dere kommer med premierer på nye filmer.. kommer til å bli mer kino titting"
- "Syns det e flott at dåkke he laga til 3D-kino! :D"
- "eit suverent tilbud å ha i kommunen! Stor ros til alle som gjer det mogeleg"
- "Kjempebra kino, med gode seter, god lyd og et herlig bilde! Må vere mære om romsdals beste kino etter molde."
- "Dere har veldig gode stoler iallefall bedre en Moa kino. Det er ikkje så dyrt. Egentlig perfekt :)"

Besøk

Spesielt dei små og mellomstore kinoane har merka ein kraftig oppsving etter digitaliseringa. På Haram Kino merka vi straks ei auke i billettsalet etter nyopninga i mars, og allereie i august hadde vi passert besøkstala frå 2010. Med eit betre filmtilbod ser det ut til at vi har klart å demme opp ein del av lekkasjen til Moa/Ålesund.

I tillegg til eit betre filmtilbod, ser vi også at publikum er interessert i ny teknologi, som 3D-film. Resultatet er det beste resultatet nokon sinne på Haram kino.

	2007	2008	2009	2010	2011
Billettsalg kr	299 641	302 670	285 395	240 875	408 277
Billettsalg antall	4976	5423	5077	3394	5563
Ant. forestillinger	192	179	177	160	175
Snittbesøk	26	30	29	21	32


Som ein kan sjå av oversikten er det same tendens som på kulturhuset, det er noko færre framsyningar, men i snitt betre besøk på kvar framsyning. Omsetninga har også har også økt.³

³ Dette er ikkje først og fremst fordi billettprisane er mykje dyrare enn før, men fordi langt færre fribillettar til sponsorar o.l. er registrert i billettsystemet enn før. Desse har vi no slutta å registrere i billettsystemet, nettopp for å unngå misvisande statistikk.

Som i alle bransjar, er det også slik i kinobransjen at resultatet avheng av kvaliteten på det ein leverer. Eit par suksessrike filmar kan bety forskjellen på eit godt og eit dårleg kinoår. Ser ein på filmtoppen for Haram kino, ser ein at dei 10 best besøkte filmene står for omkring 50 % av billettsalet.

Filmtoppen 2011 - Haram Kino

Film	Besøk
Pirates of the Caribbean: On Stranger Tides 3D	408
Knerten i knipe	320
Harry Potter og dødstalismanene - Del 2 (3D)	319
Hodejegerne	288
Rio 3D - Norsk tale	241
Biler 2 (3D, norske stemmer)	238
Blåfjell 2 - Jakten på det magiske horn (3D)	234
Avatar 3D (tekstet)	203
Kung Fu Panda 2 (2D norske stemmer)	197
The Twilight Saga: Breaking Dawn - Part 1	173



Drift

Måten Haram Kino bli drifta på er unik i landet. Med unntak frå nokre få små dugnadsbaserte kinoar, er det ikkje andre profesjonelle kinoar i Noreg som vert driven på så stor frivillig basis. Rundt 10 faste maskinistar og billettørar stiller opp omkring 2 dagar i månaden for å vise film og selje billettar. Det er heilt klart at utan denne innsatsen hadde det vore vanskeleg å oppretthalde det same tilbudet på kulturhuset og kinoen..

Sjølve programmeringa av kinoen har hittil blitt gjort sentralt av bransjeorganisasjonen Film & Kino, gjennom ordninga S-kino. Ei ordning som tidlegare gjorde det enklare å få tilgang til film. No er marknadssituasjonen ein annan og filmtilgangen lettare, så frå juni 2012 blir denne ordninga lagt ned og vi må sjølv byrje å sette vårt eige kinoprogram. Det betyr ein del meir administrative oppgåver på kinoen.

Økonomi

Berre rundt 10 % av kinoane i Noreg går med overskot. Dei aller fleste kinoane går med underskot eller i null. Rekneskapen for 2011 viser at Haram kino er ein av dei få kinoane i landet som går i overskot med kr 134 680 i bruk mot kr 165 000 i budsjett. Grunnen til dette er den unike driftsmodellen, der frivillige i stor grad driv kinoen. Med få lønnskostnader, godt kiosksal og godt billettsal gir dette eit godt resultat for kinodrifta. Men det er likevel ikkje til å kome frå at det er stadig vanskelegare å drive på denne måten. Det er færre frivillige enn tidlegare,

FILM KINO

HOME KINO VIDEO PRESSE



Gode tall frå Haram kino

Nesten eit halvt år etter at Haram kino vart digitalisert og nyopna viser besøkstala ei kraftig auke. Fram til august i år er det solt fleire billettar enn i heile 2010.

Berre tilgang på ny film og ein nytteløs med 3D-filmar har vore med å bidra til auka kinoen har også hilde og lenger med stasjonær sommarfilmen. Haram kino vil bli opp av godt gode tekniske kvaliteter kino som bidreg til å gi suksessfulle gode kinopåvisningar forteller daglig leder og kinoløypeansvarlig Perleussen i Ingebrigt Davik huset Haram kino.

Kinoen er i stor grad driven av frivillige idrettsar som stiller som maskinistar og billettørar og dei engasjementet utanfor med på å drive kinoen.

Gode resultat frå Haram kino vert lagt merke til. Her frå nettsidene til bransjeorganisasjonen Film og Kino

og vanskeleg å rekruttere nye ettersom kulturhuset blir eldre. På sikt ser vi derfor ikkje bort frå at modellen må endrast.

Kinoreklame

Tidlegare leverandør av reklame på kinoen, Norsk Kinoreklame, har misleghaldt fleire utbetalingar, og avtalen med dei er no sagt opp. Inntektene frå kinoreklamen er derfor ikkje som budsjettert for 2011. Ny leverandør av reklame er Media Direct Norge som sel kinoreklame i heile landet. Dette betyr nasjonale annonsørar, i tillegg til lokale, og vi håpar at dette framover skal gje eit betre økonomisk resultat enn før.

Alternativt innhald

Den nye digitale teknologien gir også moglegheiter for å vise anna innhald enn berre vanleg kinofilm. Opera-framsyningar og konsert-opplevingar har mellom anna blitt populære innslag på enkelte kinoar. Desse blir vist direkte via satellitt-mottakarar, men det er også anna overføringsteknologi som snart kjem på marknaden.

Dette er noko vi ønskjer å følgje med på i det komande året, og finne ut kva slags løysningar som eignar seg best for oss. Vi har allereie gjort eit forsøk med alternativt innhald på kino i haust. Då Harams eigen Bjørn Viktor Giske gjekk vidare til semifinalane i Tv2-programmet IDOL, viste vi programmet direkte og gratis for ein stappfull kinosal. Det viser at det er interesse for denne typen arrangement.



Haram Kino sendte live frå TV2 då Bjørn Viktor Giske var med i IDOL hausten 2011

UFO

– Nye og gamle aktiviteter –

Ungdomsfritidsordninga skal vere ein levande arena, som ikkje skal stivne i gamle former. Nokre aktiviteter forsvinn, men andre kjem til. I 2011 har det både vore gamalt og nytt på UFO .

Drift

Første halvår 2011 var ei og ei halv stilling knytta til UFO, ein aktivitetsleiar i 100 % og ein produksjonsassistent med eit engasjement i 50 %. Ved sommaren gjekk engasjementet ut og vart ikkje fornya då ein heller ville bruke midlane på aktivitet.

Aktivitetsleiaren er, i tillegg til hovudansvarleg for drifta av ungdomsarenaen, også sekretær for ungdomsrådet, og MOT-informant. Dette utgjør omtrent 20-30 % av stillinga. Ingebrigt Davik-huset mottar ikkje for tida kompensasjon for arbeidet med MOT, som dei gjer i skulane. Aktivitetsleiaren har også nokre administrative oppgåver på kulturhuset.

Aktivitet

Fleire nye, faste aktiviteter har oppstått på UFO i 2011: Filmgruppe, ungdomskor og quizkveldar. I tillegg har det vore fleire kurs og workshoppar.

Filmgruppa møtes kvar onsdag. Kamera og anna utstyr er kjøpt inn med støtte frå Vestnorsk Filminstitutt. I juni og september hadde dei to kurs med ein profesjonell instruktør. Her fekk dei innføring i programvare og grunnleggande filmteknikk. Essensielt for å kunne lage film på eiga hand.

I heile haust har det vore arrangert quiz-kveldar annakvar fredag. Desse kveldane har vore populære og er arrangert av ungdomane sjølve utan innblanding frå andre.

Men det er på musikkfronten at det meste skjer. I løpet av året har det vore fleire konsertar på UFO, med lokale band og artistar. Årets Ungdommens kultur-mønstring var det UFO som arrangerte. Eit stort og suksessfullt arrangement som gjekk av stabelen i januar. I juni vart det arrangert workshop om Hip Hop-kulturen, med påfølgjande konsert med Jester og Wolverine frå Oslo. I haust starta også ungdomskoret Fresh Sounds på UFO, i samarbeid med Turid Skjelten.



Frå kurs i grunnleggande filmteknikk

Koret hadde sin scenedebut allereie ved juletider, når Haram Ungdomsteater spelte Hard Rock Cafe i Storsalen. Studio/øvingsrommet er jamleg i bruk, men ikkje så mykje som vi skulle ønske. Ei av dei openbare grunnane er huset sitt ustabile låsesystem. Meir om dette nedanfor.

Det vart også i år arrangert lys-/lydkurs i november. Over to dagar fekk interesserte innføring i lyd og lysteknikk, med avsluttande konsert etter kurset.

Zumba, fotogruppa og dei opne onsdagskveldane vart avslutta ved sommaren etter at produksjonsassistent gjekk ut og vi bestemte oss for å leggje litt om på drifta og forsøke å nå betre ut. Vi flytta dei resterande lønnsmidlane over til aktivitetsmidlar i revidert budsjett, og det vart sendt ut brev til ulike lag og frivillige organisasjonar i kommunen med spørsmål om samarbeid ved ulike arrangement.

Anna aktivitet/bruk

Kommunal lærling: UFO har hatt utplassert lærlingar i 20% stilling, frå barne- og ungdomsarbeidarfaget i vår og haust.

MOT: Aktivitetsleiaren er ein del av MOT-gruppa i Haram. MOT arbeidar for å gjere unge merksame på å ta eigne val og å styrke dei i det. Ein fylgjar elevane frå dei startar i 8. klasse til dei er ferdig i 10. klasse. MOT-møta vert halde i lokala til UFO.

Haram ungdomsråd: Aktivitetsleiar er også koordinator for ungdomsrådet i kommunen. Ungdomsrådet har hatt 4 møter i vår. Haram ungdomsråd arbeidar med sakar som dei finn av interesse for unge i Haram, og som utval og andre ber dei om å uttale seg om.

Mangfaldskafe: I samarbeid med Frivillighetssentralen, og med støtte frå fylkeskommunen, har UFO i år arrangert Mangfaldskafe kvar måndag. Her er alle velkomne til å bruke lokalitetane, internett, biljard etc.

Hendingar i regi av kulturhuset: Eit av hovudmåla for å leggje UFO til ID-huset var å få ein synergieffekt der kulturhuset og ungdomsarenaen skulle nyte godt av kvarandre sin aktivitet og utstyr. Mange av dei frivillige på ID-huset er ungdommar som også er med på UFO sin aktivitet, og UFO, på si side, kan tiltrekke seg ungdommar som veit dei kan få vere med på større produksjonar på kulturhuset. I sum har dette gjort at Ingebrigt Davik-huset over fleire år har hatt ein langt større base av frivillige enn mange andre kulturhus.

Kulturskulen: Tysdag kveld øver kulturskulen i lokala til UFO.


Økonomi

Rekneskapen for 2011 viser kr 562 339 mot 766 000 i budsjett. Vi har motteke fleire støttemidlar enn budsjettet, mellom anna til mangfaldskafe, filmkurs og lyd-/lyskurs. Samtidig har sjukemeldingar gjort aktiviteten (og dermed utlegga) mindre enn venta.


Utfordringar

Problema med låsesystemet rammar spesielt UFO. Vi veit at ungdommane i stor grad ønskjer å styre bruken av arenaen sjølv, og at dei ønskjer enklare tilgang til lokala. Med dagens låsesystem er dette vanskeleg å få til. Vi får for eksempel ikkje produsert eigne nøkkelkort til studioet som vi kan låne ut til brukarar. Einaste alternativet er å dele ut nøklar, noko som ikkje er særleg haldbart ettersom dei fort kjem på avveie og ikkje lar seg "slette" frå systemet, slik som nøkkelkort. Når låsesystemet i tillegg er ustabilt og hovudinngangen i 1.etg ofte er stengt når den skal vere open, og open når den skal vere stengt, gjer det tilgangen til lokala unødvendig vanskeleg og lite forutsigbar. Dette rammar igjen ryktet til arenaen og gjer det vanskeleg å halde på brukarane.

Geografien i Haram kommune er også ei utfordring. Eit for dårleg kollektivtilbod, spreitt busetting og mange bygder gjer at det kan vere vanskeleg å samle så mange som ein ønskjer til ei kvar tid.




Hans Pareliusson
Dagleg leiar




Randi W. Frisvoll
Styreleiar

Arild Eiken
Nestleiar



May Britt Skarbø
Styremedlem



Trude Finnanger
Styremedlem

Kjell Norvoll
Styremedlem



Bente Bruun
Styremedlem